



Til grunneiere/naboer

Vår referanse: PLAN-2022/20593-8

Saksbehandler: Lise Våge Berge

Dato: 26.08.2022

PLAN- OG BYGNINGSETATEN INFORMERER

Justert planforslag til avgrensa høyring: Fyllingsdalen, Gnr. 22, Bnr. 6 mfl., Bjørgeveien. Arealplan-ID 66480000

Viser til tidlegare planforslag utlagt til offentlig ettersyn 17.04.2021 – 01.06.2021, og avgrensa høyring 21.04.2022 – 15.05.2022. Planforslaget er tilgjengeleg i det digitale planregisteret til kommunen: www.arealplaner.no/bergen4601.

Etter den avgrensa høyringa har det blitt gjort endringar i forslaget. Etter vurdering av fagetaten kan ei ny høyring avgrensast til aktuelle råka parter og den må ikkje gjennomførast som ordinært offentlig ettersyn. Vi ber om at ein eventuell uttale eller merknad frå partane vert avgrensa til den konkrete endringa, då tidlegare uttaler og merknader framleis vil følgje saka til politisk handsaming. Vi viser derfor til merknads- og endringsskjema etter avgrensa høyring datert 17.08.2022, og merknads- og endringsskjema etter offentlig ettersyn datert 18.03.2022, der innkomne merknader er notert og kommentert, og endringar i planforslag er summert opp.




Foreslegne endringar

Formålsendring

Endringa omfattar at føresegnområde #4 på bnr. 22, gnr. 14 endrar arealformål frå L til grønstruktur GTD (turdrag, sosikode 3030). Bakgrunnen for dette er å legge til rette for framtidig realisering av tursti over bnr. 14 frå Bjørgeveien til turstiane i aust mot badeplassar og stinettverk i aust. I merknad til avgrensa høyring den 21.04.2022 – 15.05.2022 etterlyste Bymiljøetaten at arealformål for føresegnområde #4 må endrast frå L til grønstruktur, då arealformålet LNFR ikkje gjev kommunen grunnlag for oreigning av grunn, dersom dette vert naudsynt for å realisere turstien.

Med bakgrunn i merknad frå Bymiljøetaten etter avgrensa ettersyn er også formålet for den resterande delen av bnr. 14 endra frå LNFR (areal for naudsynte tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget til garden (L – sosikode 5100) til LNFR areal for spreidd bustad- fritids- eller næringsbygningar (LS – sosikode 5200).

Endringa er vist i plankart datert 17.08.2022, sjå kartutsnitt under.



Følgjande nye føresegn er foreslått:

§ 3.3 Grønnstruktur (§12-5 nr. 3)

§ 3.3.1 Turdrag (Felt GTD)

§ 3.3.1.1.a Innenfor felt GT kan det etableres sti og trapp e.l. konstruksjon som er nødvendig for å etablere gangforbindelse vidare mot regulert friluftsområde i øst, jfr. § 4.2.1.

samt

§ 3.4 Landbruks-, natur- og friluftformål (§ 12-5 nr. 5)

§ 3.4.1 LNFR -areal for spreidd fritidsbebyggelse (Felt LS)

§ 3.4.1.1.a Eksisterende bebyggelse videreføres.

Øvre føresegner for etablering av tursti føresegnområde #4 er uforandra sidan avgrensa høyring den 21.04.2022.

Har du innspel til planforslaget?

Aktuelle saksdokument er tilgjengeleg på kommunen sine kunngjeringsider.

www.bergen.kommune.no/hvaskjer/kunngjoringer

Ber aktuelle parter om å kome med synspunkt og innspel til planforslaget. Disse kan sendes via merknadsboks på [kunngjeringsida](#),

eller per e-post til: postmottak.planogbygg@bergen.kommune.no

eller per post til: Bergen kommune
Plan- og bygningsetaten
Postboks 7700 – 5020 BERGEN

For å være sikker på at merknaden vert tatt med i den vidare handsaminga av planforslaget, er det viktig at den er kommunen i hende innan **23.09.2022**. Gjer vel og referer til saksnummer PLAN-2022/20593. Mottekne merknader vert registrert fortløpande i saken og er tilgjengeleg via saksinnsynsidene: www.bergen.kommune.no/omkommunen/offentlig-innsyn/innsynplanogbyggesak

Leserettleiing til planforslaget

De ulike arealbruksformåla er vist i forslag til plankart og omtalt i forslag til reguleringsføresegner. I plankartet brukar ein forkortingar og fargekoder for hvert formål. I plankartet er det gitt ei teiknforklaring for fargar og forkortingar som er vist, det same gjeld illustrasjonsplan. Det er også lagt ut ein planomtale som gjev ein grundig utgreiing for innhaldet i planforslaget.

Dersom du ikkje har tilgang til Internett eller treng meir utfyllande dokumentasjon, kan du vende deg til Plan- og bygningsetaten sitt kundesenter i Johannes Bruns gate 12, eller ta direkte kontakt med sakshandsamar via e-post eller telefon. Kontaktinformasjon finner du nedst i dette brevet.

Juridiske dokumenter

Når eit planforslag er vedtatt, vil plankart og reguleringsføresegner vere de juridiske dokumenta, medan illustrasjonsplan og andre illustrasjonar er retningsgjevande.

Videre saksgang

Vi svarar ikkje direkte på mottekne merknader, men dei vil bli referert og kommentert i den vidare sakshandsaminga. Når saker skal til politisk handsaming kan dei følgjast på kommunen sine nettsider: www.bergen.kommune.no/politikk/saker. Straks det er gjort endeleg vedtak i saken, vil det bli kunngjort i avis og på kommunen sine nettsider. Grunneigarar og naboar vil bli varsla med eige brev.

Har du spørsmål?

Ta kontakt med sakshandsamar på telefon 40818121 eller e-post Lise.Berge@bergen.kommune.no

Helsing
Plan- og bygningsetaten

Lise Våge Berge

sakshandsamar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk.